

FN sin barnekonvensjon

Artikkel 5 (kortform):

Staten skal respektere dei rettane og pliktene foreldra og andre føresette har for å gi barnet rettleiing og støtte slik at barnet skal kunne hevde rettane til konvensjonen.

«Kvifor får ho høyre mest om det sonen ikkje meistrar?»

Refleksjonsspørsmål:

DEL 2 Barnet/barna



- Den tilsette bruker ordet «aldersadekvat» om barnet – korleis vil du forklare dette omgrepet? Kva for tankar gjer du deg om å bruke eit slikt omgrep i møte med foreldre? Kva slags konsekvensar kan det få å ha eit «aldersadekvat» fokus i møte med barn?
- Moren opplever at den tilsette ikkje klarer å snakke om sonen hennar utan å sjå i papira sine. Kva bør dei tilsette gjere for at mora skal få fornøya tillit til at dei kjenner sonen hennar og er interessert i kven han er?